Frøyland & Orstad kyrkjelyd

# 11. Soknerådsmøte 2017 17.oktober – Referat

## Mat: Karl Inge

AU – Arbeidsutvalet for soknerådet. Møter kvar månad ca 1 veke før soknerådsmøtet. Tar unna saker av meir forretningsmessig karakter.

SR – Soknerådet

FR – Klepp kyrkjelege fellesråd

NaMu - Naturlig menighetsutvikling

ADU – AdministrasjonsUtvalget for fellesrådet- består av kyrkjeverge, to frå fellesråd og to tillitsvalte

| Sokneråd FOK | Til stades: | Merknader / Vararepresentant: | Ansvarsområde |
|---|---|---|---|
| Jon Lende | x | Leiar av soknerådet | Representant til fellesrådet |
| Helen Hetland Mori | X | Nestleiar soknerådet | |
| Karl Inge Lygre | x | | Representant til Stiftelsen . 2. vara til fellesrådet |
| Torill Brådland | x | | Oppfølging av barnearbeidet |
| Bjørg Mikalsen | X | | Oppfølging av ungdomsarbeidet.<br>Representant til fellesrådet |
| Bjørg Nese | X | | 1.vara til fellesrådet |
| Sigbjørn Sørland | X | 1. vara møter fast | Representant til Livspust – diakonigruppa. |
| **Stab FOK** | | | |
| Morgan Fjelde | X | Sokneprest | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ingunn Matre | X | Dagleg leiar | |

| | |
|---|---|
| | Delerunde og bønn |
| Sak : 50-17 | Godkjenning av innkalling . Innkalling godkjent med ei ekstra orienteringssak |
| Sak : 51 -17 | Godkjenning av referat frå møte 12. september. Referatet godkjent med få kommentarar.<br><br>**Orienteringssaker :**<br><br>1. Orientering frå stab. Alle på plass etter haustferien. Førebuing til konfirmantleir med 49 konfirmantar og 25 ledarar. Det var elles ein svært stor jobb for Elisa å få tak i ledarar til konfirmantgruppene i år. Ca 23 vaksne og 10-15 ungdommar blei spurt og takka nei. Fekk siste ledar på plass dagen før opplegget starta. Må gjerast på ein annan måte neste år, då dette gir stor slitasje. 27 stk er påmeldt GLS – 7 cellegruppeledarar, heile stab og nesten heile SR.<br>2. Orientering frå AU<br>3. Givartenesta for september. Kr 127800.<br>4. Orientering om økonomi pr august 2017. ca 63000 i pluss pr slutt av august. Ser bra ut, men tala lyg litt i og med at det kun er 7 av 8 månader med lønsutgifter der og 25.000 er overskot på safari, soulchildren og Sisterhood. Dersom givartenesta held fram på same nivå og vi har dei utgiftene som var budsjettert siste 4 mnd ligg det an til ca 40000 i underskot tillegg til dei 45000 som var budsjettert med.<br>5. ALPHA. Vi legg dette på vent litt. Per Larsen er framleis motivert, men vi fant ikkje nok grupper som kunne være vertskap nå.<br>6. Orientering frå Livspust-gruppa ved Sigbjørn. Julegåveaksjonen er på gang. Fleire kyrkjelydar med. Språkkafe –Ikkje så mange deltakarar med nå, og mange av dei kjem frå andre stader. Eller trengst det litt avklaring på kva oppgåver diakon i Klepp tar og korleis Livspust kan samarbeide. Ingunn følger opp dette. Dato for godheitsaksjonen neste vår er sett til 28.-31. mai.<br>7. Evaluering av rekkefølge på gudstenesta. Evaluering starta i stab. Av dei erfaringane vi har samla inn til no er det delte meiningar om kor godt dette har fungert. Viktig at barneleiarane vert skikkelig spurt i evalueringsrunden om deira erfaringar. Samlar inn informasjon til neste soknerådsmøte og tar det opp som sak då. |
| | |
| Sak 47-17 | **Evaluering av 1. halvår 2017**<br><br>Det er mange områder ein kunne tatt med i evalueringa, men for å snevra det litt set vi fokus på tre i denne omgangen , og har lista nokre relevanta spørsmål innan kvart område som soknerådet vert |

| | |
|---|---|
| | utfordra til å tenka gjennom på førehand. Er det andre moment som bør med er det sjølvsagt også godt å få dei med.<br><br>Målarbeid og soknerådet sitt arbeid vart evaluert sist møte, så då er det fokus på gudstjenestene denne gongen<br><br>**Gudsteneste :**<br>• Korleis vert vi meir frimodige etterfølgarar av å komma på gudsteneste ?<br>• Kva er det i gudstenesta som får deg til å tenka at her skulle min nabo ha vore ?<br><br>Stikkord frå evalueringa. Det vart ikkje teke noko vedtak ut frå dette<br><br>• Fellesskapet er nøkkel – å tilhøyra gir ein tryggleik<br>• Undervisninga og talar er jamt over veldig gode<br>• Lovsong er viktig – gode opplevingar gjennom god lovsong<br>• Begeistring er viktig, at vi kan væra "gira" og engasjerte saman<br>• Viktig å kunne få gå regelmessig, ein god vane<br>• Veit ikkje om alle i nabolaget veit kva dei går glipp av – frimodig tenke at de kan få gode opplevingar<br>• Tilbakemelding om at dei som ikkje er vane med å gå her kjenner at det god stemning og god atmosfære<br>• Viktig at dei som kjem blir bli sett<br>• Sterke historier som ein kan kjenna igjen I rører oss<br>• Meir av kjensle av Guds nærvær - tale , lovsong , vitnesbyrd<br>• Treffer når historiane som vert fortalde er truverdige og ekte, dette gjeld også lovsong<br>• Viktig at vi set oss samla. Holda oss nær kvarandre, og nær dei som kjem på besøk. God oppleving for dåpsfamiliane å ha mykje folk framme på venstre side |
| Sak 53-17 | **Gudstenestar våren 2018**<br><br>Oversikt over gudsteneste og tema for våren her :<br><br>https://docs.google.com/spreadsheets/d/1pxu9JpMctdnqqAlxTITq6w6qxSPetATnDyjJJJPheFc/edit?ts=59d77d6c#gid=0<br><br>Første 4 gudstenestane – Tema Gudsbilde. Litt innslag av apologetisk undervisning. Utrustning til å fortelje om Gud på ein truverdig og ekte måte, og til å fjerne hindringar i form av Gudsbilete som ikkje er rette.<br><br>Deretter korsveg sine 4 vegvisarar og tekstar for våren. |

| | |
|---|---|
| | **Vedtak:**<br><br>Soknerådet stiller seg bak denne planen |
| Sak 54-17 | **Korleis verdsetta og utrusta dei som har ulønna tjeneste i FOK**<br><br>Jon og Ingunn har hatt eit ide-møte:<br><br>**Mål:**<br>Vi må strukturera oppfølging og utrusting av frivillige - slik at alle blir følgt godt opp og vi unngår store ulikheter i oppfølging i ulike team. Her må vi også inkludera arbeid som Sisterhood og Soulchildren som blir drivne av frivillige veldig sjølvstendig.<br><br>**Mogelege verkemiddel:**<br><br>1. Forkynna/undervisa om det privilegiet det er å væra Guds medarbeidarar i verdens viktigaste oppdrag.<br>2. Medarbeidar samling 2 gonger kvart år, utarbeida ein mal og ha ein opplæring med ledarar<br>3. Invitasjon til årlig ledarsamling Holmavatn<br>4. Invitasjon til andre inspirasjonssamlinger (GLS) og kurs til redusert pris<br>5. Nytt forslag: Gratis inspirasjons konsert på tidlig kveldstid med barnevakt, for å gi ektefeller ein god felles opplevelse<br>6. Nytt forslag: Rabatt på weekend.<br>7. Nytt forslag: Ei gåve /merksemd etter 5 års (?) 10 års, 20 års teneste<br>8. Strukturert opplæringsprogram og rutinar for attest til unge lederar.<br><br>• Innspel:<br>Klarar ein å følga opp det med merksemd etter x antall år godt ? Litt skepsis til om ein klarer administrativt å følga opp dette. Vi har mange frivillig i mange ulike tenestar.<br>Betre å gje god merksemd underveis, enn når dei sluttar. Mogeleg å kombinera med punkt 2.<br>Attest kan være viktig for dei unge<br><br>• Kva bør prioriterast først ?<br>Medarbeidarsamtale – sikre at den enkelte vert sett. Men dette kan være noko som auker tidsbruken for leiarane også, så det bør væra rom for å gjennomføra det på ulike måtar.<br>Utarbeida mal for medarbeidarsamtalar med frivillige, bruka NAMU spørsmål og 100 hjem<br>Opplæring av frivillige lederar til å gjennomføra samtale<br>Finna ein konsert å invitera til, på eit tidspunkt som gjer at mange barnefamiliar får til å gå. |

| | |
|---|---|
| | |
| Sak 55-17 | **Ledige ulønna frivillige tenestar**<br><br>Saka i dette møtet vert å diskutera kva av disse ein skal prioritera høgast og finne frivillige til og eventuelle neste steg for å finna frivillige som kan trivast med desse oppgåvene.<br><br>1. Kiosk ansvarlig<br>2. Mat ansvarlig Fokus<br>3. Mat ansvarlig andre arrangement<br>4. Pynte team GT<br>5. Kjøkken-ansvarlig – halde storkjøkkenet reint og ryddig.<br>6. Skaffe folk til TV innsamlinga<br>7. Vaksne til forbønns team til Fokus- kveldane .<br>8. Leiar til Godhetsaksjonen<br>9. Utdelarar av blomar til jubilantar ( koordinert av diakon i Klepp/ Time )<br>10. PUST –redaksjon<br><br>Mat og kjøkkenteam veldig etterlengta. Finna nokon som kan ta ansvar for å halda storkjøkkenet reint og rydding. Mogeleg med eige mat-team til store anledningar. Treng forslag til aktuelle frivillige som kan synast dette er givande.<br><br>Vaksne som kan ha forbønn på FOKUS er viktig. Ungdomspastor har fått innspel på 3-4 stk som kan være med og ein kan setja dei saman med unge slik at det blir ein god trening for dei også. Men det trengs gjerne fleire. Bjørg Mikalsen tar kontakt med Elisa for å fylgja opp dette og andre behov i FOKUS og kunne spela dei inn til soknerådet.<br><br>Godhetsaksjonen må på plass. Her trengs det og forslag til frivillige som kan trekka dette neste år. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **5 års bildet** | Vi bygger med den Hellige ånds hjelp et Jesus-sentrert fellesskap. Et inkluderende fellesskap som er så sterkt og raust at mennesker ikke ønsker å være fraværende eller slutte verken når livet er vanskelig eller godt. Et fellesskap der man kan være sårbar, gi av seg selv og be sammen. Kraften i dette fellesskapet er at Gud er til stede midt i blant oss, og vi får stå sammen i kraften fra korset. Fellesskapet er preget av at vi har omsorg for hverandre og handler ut fra det, og der nye mennesker med ulik bakgrunn, livssituasjon og livserfaringer raskt kan kjenne seg inkludert. Felleskapet vårt er og preget av entusiasme, og vi løfter hverandre og "tar hverandre på fersken" i å gjøre gode ting. Grunnverdien i fellesskapet er at vi har tillit til Gud og hverandre. Jesus er grunnsteinen vår og vi bygger på bibelen som er Guds ord.<br><br>Vi har store forventninger til hva Han vil gjøre i og gjennom oss, og hvilke ringvirkninger dette vil gi til bygda vår. | | | |
| **3 års mål** | **Åndelig drivkraft**<br>- Bygge åndelig drivkraft som basis for menigheten | **Se og bli sett**<br>- Gi omsorg gjennom ros og gode tilbakemeldinger | **Inkluderende og varme fellesskap**<br>- Bygge fellesskap som inkludere nye på en god og varm måte | **Lederskap**<br>- Satse på lederutvikling og utrustning |
| **1 års mål** | **Smågruppene**<br>Bygge en misjonal smågruppekultur med lederskap som leder | | | |
| **90 dager (sep-nov 2017)** | **Bønn for mennesker utenfor gruppene ( BRO)**<br><br>**Mål for neste 90 dager**<br><br>Hva: Sette fokus på BRO (Bønn – Relasjon – Ord)<br><br>Hvordan: Oppstartssamling, Cellegruppeopplegg, Bruke det i stab og sokneråd<br><br>Hvem: Mentorer, Morgan, Ingunn/Jon | **Invitasjon til grupper –finne en tjenelig form**<br><br>**Mål de neste 90 dagene**<br><br>Hva: Hver gruppe har laget en liste over personer de ønsker å spørre og invitert disse.<br><br>Hvordan: Snakket om på oppstartssamling og ledersamlinger, samt tema på hvert cellegruppeopplegg de neste 90 dagene | **Leder blir noe en har lyst å være- bygge videre en positive lederkultur**<br><br>**Mål for neste 90 dager**<br><br>Hva: Positiv holdning til ledelse<br><br>Hvordan: Skape gode lederfellesskap gjennom erfaringsdelinger av positive og krevende gruppeledererfaringer. Ha det som tema på gudstjeneste. Sette fokus på GLS for lederne. Stab/sokneråd fremsnakker betydning av | **Bønn for lederne i gruppene**<br><br>**Mål de neste 90 dagene**<br><br>Hva: Forbønn for gruppeleder<br><br>Hvordan: Ledersamlinger, Forbønnsgruppen, Cellegruppeopplegget<br><br>Hvem: Mentorer, forbedere og Morgan |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | Hvem: Stab/sokneråd i sine grupper. Mentorer på ledersamling, Morgan på cellegruppeopplegg | lederskap i deres grupper<br>Hvem: Mentorer, Morgan, Ingunn, Stab/sokneråd | |